

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane



Utfordring og utrustning

Les Apostelgjerningane 1,1-14

Apostelgjerningane er ikkje ein ny start, men ei fortsetjing på Jesusrøyrsla etter Jesu liv, død og oppståing. Verdas vanskelegaste og viktigaste oppdrag vert gitt ein liten disippel-gjeng. Men dei blir bedt om å vente på å bli døypt (eller fylt) av Den Heilage Ande (DHA).

Jesusrøyrsla er så mykje meir enn å høyre til i eit trygt og godt fellesskap. Vi er kalt til å ta del i dette oppdraget, og gi vidare eit budskap med kraft i seg til å forvandle omgivingane våre. Og vi får det vi treng til å gjere det.

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Korleis trur du det var for disiplane å motta oppdraget Jesus gir dei i v.8?
2. Synes du oppdraget er spennande eller skremmande? Og kvifor?
3. Kor ser du din plass i oppdraget?
4. Har du nokon gong erfart at Gud har hjelpe deg eller gitt deg utrustning i ein situasjon, ei oppgåve el I? Fortel.
5. Kva betyr løfte om kraft/DHA for deg i ditt kvardagsliv idag?

Utfordring



Guds Ord

Les teksten (Apg. 1,1-14) igjen, lytt til Gud og skriv ned i din journal/dagbok, kva plass i oppdraget Gud utfordrar deg til å ta. Be han gi utrustning til dette.



Tilbeding og Bøn

Kva settingar opplever du å kople med Gud? Lag ein plan for å oppsøke den/desse den neste veka. Og så berre gjer det!

Om serien

Apostelgjerningane er fortsetjinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattern av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane



Anden forvandlar

Les Apostelgjerningane 2,1-41

Disiplane var vanlege menneske som oss; redde, tvilande og forvirra. Men dei mottok det som var lova – Den Heilage Ande – som forvandla dei til frimodige og trusfylte menn og kvinner, som ikkje klarte skjule si begeistring for Jesus.

Den Heilage Ande er den same i dag. Han ønsker å fylle oss, forvandle oss, leie oss og virke gjennom oss. Skal vi kunne følge Jesus treng vi alt Anden gir. Våger vi å gi Han rom?

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Les v. 1-4 igjen. Kva detaljar legg du merke til?
2. Korleis trur du det var for Peter og disiplane å bli døyp/fylt av Den Heilage Ande Pinsedag? Korleis var opplevinga deira trur du?
3. Har du nokon gong erfart å blir fylt av Den Heilage Ande? Fortel gjerne. Om ikkje, gjerne del kva du kunne tenkt deg å erfare.
4. Anden skulle kome over disiplane for å bli sette dei i stand til å vere vitne. Kva trur du var forskjellig frå før og etter Anden kom over dei?

Utfordring



Tilbeding og Bøn

Overgi det du er og har til Gud (ref. Rom. 12,1). Be Den Heilage Ande fylle deg, på ny eller for første gang. (Er de fleire, be for kvarandre om det). Syng eller lytt gjerne til «Jeg vil gi deg alt»



Gi Vidare

Anden vil sette oss i stand til å vere vitne der Han sender oss. Kven er du sendt til? Skriv ned personane/gruppa/ nabolaget/området etc. La Anden leie deg, og våg å tru at Han vil gi deg alt du treng.


Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydelgast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fylle oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane



Overskot av liv

Les Apg. 2,42-47

Etter at ein ny epoke i fortellinga kick-starta på Pinedag, stoppar Lukas opp eit augeblikk og tar eit skråblikk på den unge røyrsla. Det indre livet i det ferske fellesskapet rundt Jesus, blir omtala med få, men utruleg innhaldsrike, setningar. Vi får innsikt i kva disiplane gjorde og korleis dei levde saman. Dette fellesskapslivet har blitt ståande som eit ideal for den kristne kyrkja i all ettertid. Resultatet var eit overskot av liv og stadig fleire som blei lagt til fellesskapet. Kva kan vi lære av desse om ein livsstil som fører til overskot og vekst?

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Kva detaljar finn du i teksten om kva dei første disiplane gjorde?
2. Korleis trur du atmosfæren i fellesskapet kjentest ut? Prøv å skildre den.
3. Kva syns du verker mest attraktivt med fellesskapet og kva verker mest utfordrande?
4. Kva trur du er det viktigaste vi i vårt fellesskap treng å bli smitta av frå dette fellesskapet?
5. Kva steg kan du ta for å gi dette rom til å vokse hos oss?

Utfordring



Gjere godt

Ein radikal rausheit – som reflekterte Guds enorme rausheit - prega den nye Jesus-familien. Den enkelte såg seg ikkje som eigar, men forvaltar av det Gud hadde gitt ein. Kva ressursar og egedelar har du fått, som du kan dele?



Leve & tene saman

Disiplane heldt trufast saman. Kva vil det sei for deg heilt praktisk å halde trufast saman i fellesskapet du er ein del av? Korleis vil du vere ein dei andre kan rekne med? Skriv det ned og del det med nokon.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane



Kraft som bevis

Les Apg. 3,1-16

Det var ikkje berre ord disiplane vidareformidla. Guds kraft virka med – etter Jesu ord – og stadfesta Ordet. Paulus seier sjølv seinare at han forkynte Guds Ord, ikkje med overtalande visdomsord, men med Ånd og kraft som bevis (1. Kor 2,4).

Guds kraft er ikkje berre ein sjeldan x-faktor, men normalen for oss som trur. Han er tilstades i oss og blandt oss. Vi kan rekne med Guds kraft i dag. Tørr vi stole på han og gi han rom til å gripe inn?

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Kva ulike reaksjonar finn du i teksten etter at den lamme mannen vart lega?
2. Kva trur du hendinga gjere med mannens relasjon til Jesus? Kva trur du den gjorde med folket som såg det sin relasjon til Jesus?
3. Har du erfart Guds kraft i ditt liv? Fortell gjerne.
4. Kvifor trur du mange opplever det utfordrande å forhalda seg til Guds kraft?
5. I kva del av kvardagen din ønsker du å erfare meir av Guds kraft?

Utfordring



Gjere godt

Peter og Johannes stoppa opp – let seg avbryte frå sine planar – for å sjå og gjere godt mot den lamme mannen. Er du villig til å la deg avbryte frå dine planar for å sjå de menneska og dei ferdiglagte gjerningane Gud sender i din veg? Be han vise deg!



Gi Vidare

Alle som trur på Jesus har fått hans kraft på innsida (Ef. 1,19). Gir du Han rom til å virke i problem, sjukdom og smerte du kjem i nærkontakt med? Våg å inviter han til å virke med sin kraft i din kvardag – blant familie, venar, kollegaer, naboar osv.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkyninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane

BibleProject

sim

Anden gir frimod

Les Apg. 4,1-31

Medan Peter og Johannes er midt i å gjere godt og gi vidare det dei har, dukkar motstand opp. Motstand er ein del av det å følge Jesus (Sjå Joh 15,20 og 2. Tim 3,12). Men kva gjer den med oss og korleis taklar vi den?

Anden gav Peter og Johannes visdom, frimod og kraft. Anden vil òg fylle oss og gi oss det vi treng slik at vi ikkje blir motlause i det vi møter, men kan vere fylde av kraft, kjærleik og visdom (2. Tim 1,7). Lar du Gud og hans Ande sleppe til?

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Har du nokon gong opplevd motstand for noko du meinte/ville gjere/stod for? Korleis var det?
2. Kva haldningar kan du kjenne igjen i Peter og Johannes gjennom teksten?
3. Kva kan vi lære av deira respons på motstand?
4. Kva treng du at Anden gir deg meir av i din kvardag?

Utfordring



Leve og tene saman

Peter og Johannes gjekk «til sine egne» og dei ba saman med «eit sinn og ei stemme» (Apg. 4,23). Kven går du til i møte med motstand og vanskelege ting? Og går de saman til Gud med det?



Gi vidare

Peter blei fylt av Anden slik at han delte Guds Ord med frimod, midt i møte med motstanden han erfarte. Er du villig til å la Gud tale gjennom deg òg når det kostar? Vi kan forvente at når vi stiller oss disponible, vil Anden gi oss dei orda og den hjelpa vi treng.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattere av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fylle oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



Rørsle av Gud

Les Apg. 4,32-37 og 5,12-42

Gud er raus. Når Han får virke i fellesskapet, blir det overskot. Denne hjertehaldninga «smitta over» på det første kristne fellesskapet – og fekk heilt praktiske følger. Dei delte med kvarandre av det dei hadde og Gud sjølv virka med kraft midt i blant dei.

Fins det noko så attraktivt som når Jesus får stråle fram gjennom ord, handlingar, haldningar, under og teikn i eit fellesskap overgitt til Han og kvarandre? Stadig fleire trudde på Herren og blei lagt til dei i stort antal. Farisearane klarte ikkje stoppe Jesusrørsla. Og det har ingen klart sidan heller.

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Korleis trur du det må ha vore å vere «trengande» i det første kristne fellesskapet? Og korleis trur du det var å vere rik på ressursar?
2. Våger du å vere open med dine behov i fellesskapet du er ein del av?
3. Er du villig til å sjå etter og møte andre sine behov?
4. Kva inntrykk trur du eit fellesskap som praktiserer radikal rausheit skaper hos dei som står utanfor? Kva er attraktivt? Kva er rart og/eller utfordrande?
5. Korleis kan det sjå ut i ditt fellesskap å ta et stort steg inn i ein større rausheit?

Utfordring



Leve og tene i fellesskapet

Del eit behov du har no (stort eller lite) med nokon i fellesskapet og leit til du finn eit behov hos nokon andre i fellesskapet som du kan møte – og møt det.



Gjere godt

Det er mange som erfarer urettferd, kynisme og vanskeleg ting. Korleis kallar Gud deg til å vise rausheit i din kvardag og di verd? Skriv ned dei personane, det område, den saka du tenker på og del det med nokon. Konkretiser eit praktisk neste steg.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane



Ein støkk i flokken

Les Apg. 5,1-11

Ofte er det slik at nokre fortellingar i bibelen stadfestar det du tenkte, trudde eller håpa på om kven Gud er. Andre sjokkerar, provoserar og ristar i korleis du trudde det var. Denne fortellinga er i siste kategori. Korleis kan vi forholde oss til dette?

Når Gud kjem nær, kjem han med heile seg. Både sin herlegdom – synleg gjennom å lækje, teikn og under – og sin heilagdom – synleg gjennom oppgjer med synd og vondskap. Han lar seg ikkje manipulere for eigen vinning. Sjølv om denne forteljinga representerer eit unntak i NT-litteraturen for korleis Gud tar oppgjer med synda – er Gud likevel ikkje ein å ta lett på. Gud er Gud. Han toler ikkje det vonde. Samtidig er han den som elska oss til døden og kjem oss i møte med nåde.

Spørsmål til samtale (evt refleksjon)

1. Kva spørsmål sit du med etter å ha lese teksten? Stemmer den overeins med ditt Gudsbilete?
2. Er du villig til å la Guds Ord i saman med Anden få forme og korrigere ditt Gudsbilete?
3. Kva gjer du når du møter tekstar i bibelen som provoserar, utfordrar eller er vanskelege å forstå?
4. Kva trur du Gud vil fortelje oss gjennom denne teksten?

Utfordring



Guds Ord

Ta for deg ein tekst/eit konsept/ei forståing du finn i Bibelen som du opplever er vanskeleg. Forsøk å «kjempe» med dette gjennom bøn, refleksjon og samtale med nokon du går saman med. Våg å forvent at Gud vil møte deg og gi ein djupare forståing.



Tilbeding og bøn

Ein del av tilbedinga er å tilbe og følgje Jesus – òg når vi ikkje forstår. Det kan være karaktertrekk ved Gud som utfordrar, bibeltekstar vi kjempar med, situasjonar kor vi ikkje kan sjå at Han grip inn etc. Prøv å løft blikket og tilbe han, midt i det vanskelige.


Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkyninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrøyrsla

Serie frå Apostelgjerningane



Nye leiarar

Les Apg. 6,1-15 og 7,54-60

Den første kyrkja opplevde veksesmerter. Det som hadde fungert så bra fram til no, fungerte ikkje lenger. For første gang kan vi lese at det var spenningar mellom dei truande og høglytt klage. Vekst er krevjande. Men i teksten vert problema til vidare gjennombrøt. Kvifor?

Leiarane gjenkjente at det var ein ny fase, som krevde ny organisering. Dei gav rom til nye ledere – med karakter og åndsliv – som verkeleg steppa opp og veksten tiltok. Det er så lett å verte tilskodarar og skyldte på andre for det som ikkje fungerer. Kva om det er ein grunn til at akkurat du ser utfordringane du ser? Kva om det er der Gud kallar deg til å ta tak? Det er alltid ein kostnad – men det er verdt det!

Spørsmål til samtale

1. Har du nokon gong erfart at du såg moglegheiter der andre berre såg problem i møte med ei utfordring? Fortel.
2. Kva kan vere positivt med spenningar mellom menneske eller i ei gruppe/fellesskap?
3. Kvifor trur du apostlane vektlegg karakter (godt ord på seg) og åndsliv (fylt av Ande og visdom) i utveljinga av dei nye leiarane?
4. Kven i fellesskapet ser du opp til når kjem til karakter og åndsliv? Kva i han/ho kunne du tenkt deg meir av i eget liv?

Utfordring



Leve og tene saman

Skriv ned ein ting du irriterer deg over i fellesskapet du er ein del av. Be og reflekter over kva du kan gjere for å bidra til å møte/løyse utfordringa du ser eller kjenner på. Del utfordringa du ser og kva du vil gjere med nokon i gruppa di eller nokon du står nært i fellesskapet.



Guds Ord

Det er når Guds Ord – ved Anden – får forvandle oss, vi blir menneske fylte av ande og visdom. Les Rom 12,2. Be så Gud vise deg eit område i livet han ynskjer å omskape. Skriv ned kva du trur/håper han vil gjere, del med nokon i gruppa di eller nokon du står nært i fellesskapet og ta det med deg inn i dine personlege bibel- og bønnestunder.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsetjinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattere av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydelegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og røyrsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



Evangeliet utbrer seg

Les Apg. 8,1-40

Disiplane blir spredt omkring, men i staden for for at rørsla døyr ut, sprer den seg utover. Den kristne trua er ikkje først og fremst borte av ytre stimuli. Nei, Anden verker fram eit liv frå innsida og ut – med kraft i seg til å forvandle omgivnadane dine kor enn du er. Anden leier Filip – og Filip lar seg leie. Stadig kjem han i kontakt med folk som er opne og søkande etter det Jesus er og har. Anden vil alltid sette spotlight'en på Jesus (Joh 16,14). Resultatet blir nye menneske fylt av ein ny stor glede.

Spørsmål til samtale

1. Kva i trua og livet dykkar med Jesus trur du folk rund dykk kan vere nyskjerring på?
2. Har du forsøkt å dele noko av det med nokon du kjenner? Korleis gjekk det?
3. Anden hjelpte Filip med å dele vidare. Kva trur du Anden kan hjelpe deg og dykk med for å dele vidare det de har?
4. Korleis trur du Anden vil lyse på Jesus i settinga du er i?

Utfordring



Gi vidare

Kven er du sendt til? Skriv ned tre namn som du trur Gud sender deg til for å vise kven han er. Be for dei når du har tid med Gud, prioriter tid med deg og ver oppmerksom på ei opning for å dele.



Gjere godt

Guds ord oppfordrar oss til å legge henda på dei sjuke (Mark 16,17) slik at dei – i Jesu namn og ved Anden som er gitt oss – kan bli friske. Er det nokon du kan spørje om å få legge hendene på i Jesu navn? Skriv ned og be/leit etter ein moglegheit.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsetjinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydelegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkyninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



Møtet med Jesus forandrar alt

Les Apg. 9,1-25

Saulus – betre kjent som Paulus – var ein tidleg motstandar av den gryande Jesusrørsla. Han gjorde alt i si makt for å stoppe den - overbevist om at han gjorde noko godt. Midt i hans iver og hat, får han eit møte med den levande Jesus som forandrar alt. Jesus blir Saulus sin Frelsar og Herre. Han ser Gud, seg sjølv og verda med nye auge, og blir ein tenar for Guds hensikter. Saulus får etter dette vere med å utbre rørsla langt utover det nokon kunne drøyme om. Kven veit kva planar og tankar Gud har for dei du opplever er avvisande og viser motstand mot Jesus? Kven veit kva eit levande møte med Jesus kan skape?

Spørsmål til samtale

1. Kjenner du nokon som har hatt eit møte med Jesus som skapte ei tydeleg endring? Fortel.
2. Kva trur du er grunnar til at eit møte med Jesus kan skape så stor forvandling i eit menneske?
3. Erfarar du ofte at Jesus er levande? Fortel gjerne korleis.
4. Kva kan du gjere for å gi Jesus rom til vere og vise seg som levande for deg?

Utfordring



Tilbeding og bøn

Kva måtar har Gud vist seg for deg og latt deg få erfare Han fram til no? Det kan vere gjennom andre folk og samlingar, gjennom Ordet, i stillheit, i tilbeding og bøn, i naturen og andre opplevingar. Takk han for det.



Guds Ord

Paulus – inspirert av Anden - skreiv etter kvart ned ein del av det han fekk sjå og fekk innsikt i. Les hans hyllest over kva vi har fått gjennom Jesus i Efesarane 1. Memorer det verset som står mest ut for deg, og be Gud gi større åpenbaring.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsetjinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattaren av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydelegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levande og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



Evangeliet for alle

Les Apg. 10,1-47

Peter hadde ein klar tanke om kven evangeliet var for og kven han var sendt til. Men Gud hadde ein større visjon. Evangeliet er for alle. Korleis kan vi då avgrense det til berre ein viss type menneske? Gud kalla Peter til ei nye gruppe menneske og viste at han ikkje gjer forskjell på folk. Gud er på oppdrag i denne verda – endemålet er at «jorda skal fyllast med kunnskap om Herrens herlegdom slik vatnet dekkjer havsens botn» (Hab. 2,14). Fellesskap med Gud er å finne min plass og ta del i denne draumen.

Spørsmål til samtale

1. «Like barn leikar best» heiter det. Kvifor er det utfordrande å krysse kulturelle grenser? (f eks etniske, sosioøkonomiske, sub-kulturelle, etc)
2. Har du gode erfaringar frå møte eller relasjonar med folk som er annleis enn deg? Fortel.
3. Er det menneskegrupper der du bur som i liten eller ingen grad har fått høyre og erfare evangeliet om Jesus? Kven er dei?
4. Kva trur du ville vore gode måtar å formidle evangeliet – i ord, gjerning og kraft - til desse?

Utfordring

Gjere godt



Kven har du i ditt nabolag eller ditt nettverk som representerer ein annan kultur? Inviter til eit naturleg treffpunkt – spander gjerne dersom aktuelt. Spør og lytt til personens bakgrunn. Ved å vise oppriktig interesse for den andre, kommuniserer du verdi.

Gi Vidare



Ein av dei beste måtane å gi vidare evangeliet på er å inkludere nye søkande i det kristne fellesskapet. Er det nokon i ditt nabolag eller ditt nettverk, som representerer ein annan kultur, og som kanskje er open for ein invitasjon? Gi det ein sjanse!

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattern av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



På tur med Jesus

Les Apg. 13,1-52

Midt i ei veksttid med mange lokale behov – kallar Gud to av dei viktigaste leiarane i fellesskapet til ei ny oppgåve. Antiokia blir historia si første sende-kyrkje. Anden leier Paulus og Barnabas som får vere med og sjå at evangeliet får fotfeste på heilt nye plassar og i heilt nye miljø. Dei møter til tider kraftig motstand. Samtidig vert djupe relasjonar knytt til nye søsken i trua som får erfare glede i evangeliet. Så nær er dei Paulus og Barnabas sitt hjarte, at dei er villig til å ofre livet for sine nye søsken.

Spørsmål til samtale

1. Når tenker du det er riktig tid for eit fellesskap å sende vidare nokre av leiarane sine?
2. Kva er grunnar til at det kan det vere vanskeleg å sende gode folk vidare?
3. Kva er grunnar som motiverer til å sende gode folk vidare?
4. Kva synest du verkar attraktivt med å dra på tur med Jesus til ein ny plass (kort tid eller lengre opphald)?

Utfordring



Gi vidare

Tenk deg at du sjølv drar på ein misjonstur (kort eller lengre). Kven ville du reist saman med, kor ville du reist og kva ville du vert med på? Del tanken med ein av dei du ville dratt saman med. Kva om du hadde gjort alvor av planane?



Leve og tene saman

Kjenner du nokon som opplever seg sendt til ein ny plass eller ei ny gruppe menneske? Spør han/ho eller ein av dei du tenker på kva du kan gjere for å vere med å støtte han/ho i oppdraget – slik at han/ho kan oppleve å ha nokon som heier og står saman med seg.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattern av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydelegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



Drive av Anden

Les Apg. 16,6-40

Ut frå omsorg for dei Paulus i Apg. 13 vart kalla til, er ei ny misjonsreise i gong. På grunn av Anden si leiing kjem evangeliet no over til Europeisk jord. To familiar får ta imot evangeliet på ulikt vis fordi Paulus og Silas var utprøvande og lyttande, og let seg drive av Anden. I heile Apostelgjerningane er Anden den underliggande aktøren. Slik Paulus og Silas let seg leie og drive av Anden, er utfordringa og til oss – i heilt andre kvardagssettingar; lar vi anden får plass å rom til å drive oss? Når Andens trykk frå innsida er større en frykt og motstand frå utsida vil det skje.

Spørsmål til samtale

1. Er «vågal» eller «utprøvande» typiske ord du vil beskrive folk i ditt kristne fellesskap med? Kva kan ver grunnar til at det er slik?
2. Korleis kan ein kjenne igjen Anden si leiing og vilje?
3. Kan ein leve drive av Anden utan å våge seg utanfor komfortsona si? Kvifor/kvifor ikkje?
4. Kva opplever du deg drive mot som du opplever er utanfor komfortsona akkurat no?

Utfordring



Leve og tene saman

Finn ein annan i fellesskapet og avtal å gjere noko vågalt du opplever er utanfor komfortsona di ila ei veke. Det kan vere ulike ting og ein kan gjere det i lag eller kvar for seg. Husk å feire etterpå, uavhengig av utfall – så lenge du forsøkte.



Gi vidare

Er det menneskegrupper eller menneske-typar du har eit særskilt hjarte for? Kan det vere Anden som har gitt deg dette? Sjå for deg og teikn/skriv ned kva ønsket ditt er for desse. Be så Gud forløyse dette.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsetjinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfatternen av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydelgast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkynninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.

Jesusrørsla

Serie frå Apostelgjerningane



Krafta i Evangeliet

Les Apg. 17,1-34

Rørsla som starta i Jerusalem på Pinsedag, haldt fram frå Antiokia i Syria, når stadig lengre. I vår vestlege kultur og i våre fellesskap tenker vi fort om kyrkja og det kristne fellesskapet som meir eller mindre sett. Apg viser oss at røtene våre er å være ei rørsle – der evangeliet er sjølvve motoren.

Gjennom Paulus' tale i Athen og teikna som følgde med ser vi at evangeliet er både kraft og bevis. Jesu oppståing er historisk og truverdig. Krafta som reiste Kristus opp frå døden er vår. Den er erfarbar og den forvandlar. Lar vi evangeliet vere motor i vårt liv og i vårt fellesskap?

Spørsmål til samtale

1. Er det viktig at evangeliet både er truverdig intellektuelt og samtidig mogleg å erfare? Kvifor/kvifor ikkje?
2. Kva er det Paulus fokuserer på i talen på Areopagos (v. 22-31)?
3. Kvifor tur du han bruker så mykje tid på å forklare og bygge bru til ting tilhøyrarane kjente til? Kva kan vi lære av Paulus?
4. Kvifor er Jesu oppståing frå dei døde så banebrytande?
5. Kva betyr Jesu oppståing frå dei døde for deg?

Utfordring



Tilbeding og bøn

Fokuset vårt er så utruleg lett på dei tinga vi manglar, når vi har så enormt mykje å vere taknemlege for. Ta deg god tid til å takke Jesus for Hans liv, død, oppståing for deg – og for dei måtane han har vis/latt deg erfare evangeliet. Skriv det gjerne ned.



Gi vidare

Formidlinga av evangeliet treng å tilpassast den/dei du deler det med. Tenk på nokon du kjenner og forsøk å lage ei 2-3 min presentasjon av evangeliet du trur den/dei ville forstått.

Om serien

Apostelgjerningane er fortsettinga på forteljinga om Jesus, skreve av Lukas – forfattern av Lukas evangelium. Det er kraft i fortellinga om korleis Guds Ords sprette seg gjennom dei første disiplane. Aller tydlegast viser boka korleis Den Heilage Ande er til stades, leier, fyller og driv disiplane slik at dei går frå å vere redde og forvirra, til å vere frimodige vitne som går frå Jerusalem og utover mot verdas ende. Boka kunne like godt ha blitt kalla Andens gjerningar.

Apostelgjerningane vektlegg oppdraget og rørsla vi er med på, livet i Anden, disippelskapet og forkyninga av Ordet på ein levende og inspirerende, samt utfordrande måte. Dette treng vi å bli «smitta» av. Vår bøn er at Anden skal virke på oss, fyller oss med ny tru, ny kraft og ny iver etter å delta i det Jesus gjer no.